

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
2016254Oppdragsnr
2016002

Matrikkeletat

Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining

Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Vestbygdvegen 268	8	2	0	0	WALDE KÅRE (Hjemmelshaver)
Vestbygdvegen 286	11	31	0	0	ANDERSEN BERITH (Hjemmelshaver)
Vestbygdvegen 286	11	31	0	0	ANDERSEN JAN HELGE (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	18.02.2016	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

 Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

 Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn Arealoverføring Anna

Forklaring

Grensejustering mellom 8/2 og 11/31, samt klarlegging av eksisterande grenser for 11/31.

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent WALDE KÅRE ANDERSEN BERITH ANDERSEN JAN HELGE			Rekvisjonsdato 28.01.2016

Habilitet

Landmålararen sitt namn

Per Atle Sæle

 Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
 Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
31-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
31-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
31-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
31-4	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
31-4A	Steingjerde Nedsatt i:				
31-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
31-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke			
31-7	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 8 bnr 2 og eigarar av gnr 11 bnr 31 har 28.01.2016 rekvirert grensejustering mellom dei to eigedomane. I tillegg ønskjer eigarar av 11/31 å få klarlagt yttergrensene for 11/31.

Oppmålingsforretning vart halde 18.02.2016. Ved forretninga møtte Kåre Walde for 8/2, Berit og Jan Andersen for 11/31, Tor Helge Thorvaldsen for 11/1, Marianne Skrede Rasmussen og Øystein Rasmussen for 11/9. I tillegg til dei framømte var også eigar av 11/4, eigarar av 11/29 og deleigar av 11/1 varsla, men møtte ikkje.

Gnr 11 bnr 31 er etablert ved skyldskifte i 1977. Det einaste av dei gamle grensemerka som var råd å finna, var kross i fjell (grensepunkt 31-4) i sørvestre hjørne av 11/31 i grensa mot 11/9. Herifrå vart det målt med måleband 58m (skråmå) langs grensa til 11/9. Ifølgje skyldskiftet var det her sett ned merkestein, men denne var uråd å finna. Partane var samde om å setja ned eit nytt grensemerke i fjell i sør-austre hjørne av 11/31, grensepunkt 31-3. Partane var også samde om at grensa til 11/9 held fram i same retning to meter før grensa knekk mot sør-aust (umerka grensepunkt 9-1).

Grensa mellom 11/1, 11/29 og 11/31: Eigar av 11/1 opplyste at han hadde vorte fortald at det vart avsett eit restareal på 11/1 mellom 11/29 og 11/31 for at 11/29 kunne ha tilkomstvegen sin på hovudbruket 11/1. Men dersom ein legg skylddelingsmåla for 11/29 og 11/31 til grunn for rekonstruksjon av grensene, vert dette restarealet redusert til ein "kile" mellom 11/29 og 11/31 som i dag ligg inne på opparbeidd hageareal på 11/29. Ei forklaring på at det har vorte slik, er kanskje at tilkomstvegen til 11/29 vart lagt litt lenger vest enn det som var tenkt i starten. Tilkomstvegen til 11/29 går i dag over 11/31. Det vart oppfordra til at ein løyser dette ved at 11/31 gir tinglyst vegrett til 11/29. Vidare vart det oppfordra til at eigar av 11/1 og 11/29 søker om arealoverføring, slik at opparbeidd murar kjem innafor grensene til 11/29.

Grensa mellom 11/31 og 11/4: I følgje skyldskifte skal det i aust vera hogd ein kross i fjell 1m frå grensa til 11/4 og ein merkestein i vest i grensa mot 11/2. Ingen av desse merka var råd å finna, og det vart sett ned to nye grensemerker i fjell, grensepunkt 31-1 og 31-2.

Grensejustering mellom 8/2 og 11/31: Partane meinte at eksisterande grense mellom dei to eigedomane går i midt steingard og i oppsett gjerde. Eigar av 8/2 og 11/31 er vidare samde om å justera grensa ved at 11/31 får tillagt areal slik at garasje og levegg kan vedlikehaldast på 11/31 sin eigedom. Det vart sett ned tre nye grensemerker i den justerte grenselina, grensepunkt 31-5, 31-6 og 31-7.

Det er to hovudvilkår for å gjennomføra ei grensejustering:

- 1: Arealet som skal overførast må ikkje utgjera meir enn 5 % av den minste eigedomen.
- 2: Verdien av arealet som skal overførast må ikkje overstiga grunnbeløpet i folketrygda, 1G.

Grensejusteringa er oppmålt og utrekna til 53 m². Nymålt areal for heile 11/31 før justering er oppmålt og utrekna til 2491,8 m². Justeringa utgjer 2,1% av 11/31, og vilkår nr 1 er difor oppfylt. For verdivurdering av det justerte arealet, legg kommunen til grunn ein kvadratmeterpris på kr 100, verdien vert etter det utrekna til kr 5300 som er langt under grunnbeløpet i folketrygda. Hovudvilkår nr 2 er såleis også oppfylt.

Ved grensejustering må partane godkjenna justeringa ved underskrift på protokollen. Vi ber om at partane returnerar eit eksemplar med underskrift til kommunen.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har matrikkelført dei nye grensene og skriv ut nytt matrikkelbrev for 11/31 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av gnr 8 bnr 2 og eigar av gnr 11 bnr 31 godkjenner protokollen og grensejusteringa mellom dei to eigedomane. Ved justeringa har 11/31 fått overført 53 m² frå 8/2.


.....
Eigar av gnr 8 bnr 2

.....
Eigarar av gnr 11 bnr 31

Sted
Frekhaug

Dato
19.02.2016

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			